

# Konsekvensutgreiing for naturmangfald



|                                |                                    |                         |
|--------------------------------|------------------------------------|-------------------------|
| PROSJEKT<br>Storrlineset del 2 | PROSJEKTLEIAR<br>Alexander Stettin | DATO<br>15.01.2024      |
| PROSJEKTNUMMER<br>10220613     | OPPRETTA AV<br>Marte Haugsvold     | REV. DATO<br>25.10.2024 |



**Rapporteringsstatus:** Endeleg Oversending for kommentar Utkast

|   |  |
|---|--|
| Utarbeidd av:<br>Marte Haugsvold<br>Ellen Sigernes Grønstrand | Sign.:<br>NOAAMH<br>NOSIEL             |
| Kontrollert av:<br>Signe Vinje                                | Sign.:<br>NOSIVI                       |
| Prosjektleder:<br>Alexander Stettin                           | Prosjekteigar:<br>Magnhild Ek Brynlsen |

**Revisjonshistorikk:**

| Rev. | Dato       | Skildring                                       | Utarbeidd av | Kontrollert av |
|------|------------|---|--------------|----------------|
| 1    | 25.10.2024 | Revisjon etter attendemelding frå Vinje kommune | NOAAMH       | NOSIVI         |
| 0    | 15.01.2024 |   | NOSIEL       | NOALST         |

# 1 Innhald

|            |  |           |
|------------|--|-----------|
| <b>2</b>   | <b><u>INNLEIING</u></b> .....  | <b>4</b>  |
| <b>3</b>   | <b><u>OM PLANARBEIDET</u></b> .....  | <b>4</b>  |
| <b>3.1</b> | <b>FØREMÅLET MED PLANEN</b> .....  | <b>4</b>  |
| <b>3.2</b> | <b>KRAV OM KONSEKVENSGREIING</b> .....   | <b>4</b>  |
| <b>4</b>   | <b><u>PLANOMRÅDET</u></b> .....  | <b>5</b>  |
| <b>4.1</b> | <b>LOKALISERING OG AVGRENSING</b> .....  | <b>5</b>  |
| <b>4.2</b> | <b>DAGENS AREALBRUK I OG RUNDT PLANOMRÅDET</b> .....   | <b>5</b>  |
| <b>4.3</b> | <b>SKILDING AV TILTAKET</b> .....  | <b>6</b>  |
| 4.3.1      | NULLALTERNATIVET OG ANDRE ALTERNATIV .....   | 7         |
| 4.3.2      | INFLUENSOMRÅDET .....  | 7         |
| <b>4.4</b> | <b>KUNNSKAPSGRUNNLAGET</b> .....   | <b>8</b>  |
| <b>4.5</b> | <b>DELOMRÅDE</b> .....   | <b>9</b>  |
| 4.5.1      | NATURTYPAR.....  | 10        |
| 4.5.2      | ARTAR OG ARTAR SINE ØKOLOGISKE FUNKSJONSOMRÅDE .....   | 10        |
| 4.5.3      | FRAMANDE ARTAR .....   | 10        |
| 4.5.4      | UVISSE.....  | 11        |
| <b>4.6</b> | <b>VERDIVURDERING</b> .....  | <b>11</b> |
| 4.6.1      | NATURTYPAR.....  | 11        |
| 4.6.2      | RAUDLISTA ARTAR.....   | 12        |
|            | <i>KNAPPENÅLSLAVEN BLANKNÅL: «UNDER FELTBEFARINGEN BLE KNAPPENÅLSLAVEN BLANKNÅL (CALICIUM DENIGRATUM) REGISTRERT. DETTE ER EN ART SOM ER OPPFØRT PÅ RØDLISTA SOM NÆR TRUET (NT). DEN BLE FUNNET SØRØST I PLANOMRÅDET. BLANKNÅL TRIVES PÅ FURUGADD (STÅENDE DØD VED AV FURU) I ELDRE BARSKOG. ARTEN ER TRUET PÅ GRUNN AV REDUKSJON I BESTANDSSTØRRELSE, SOM IGJEN SKYLDES HABITATREDUKSJON SOM FØLGE AV BESTANDSSKOGBRUK OG UTTAK AV TREVIRKE.» (FAUN NATURFORVALTNING AS, 2023).</i> ..... | 12        |
| 4.6.3      | OPPSUMMERING VERDIVURDERING .....  | 13        |
| 4.6.4      | VERDIKART .....  | 13        |
| <b>4.7</b> | <b>INNVERKNAD</b> .....  | <b>14</b> |
| 4.7.1      | NULLALTERNATIV.....  | 14        |
| 4.7.2      | INNVERKNAD FRÅ TILTAKET .....  | 15        |
| 4.7.3      | AVBØTANDE TILTAK .....   | 17        |
| <b>4.8</b> | <b>KONSEKVENSGREIING</b> .....   | <b>18</b> |
| 4.8.1      | VURDERING AV NATURMANGFOLDLOVA.....  | 19        |
| <b>4.9</b> | <b>DATA I DATASER</b> .....  | <b>20</b> |
| <b>5</b>   | <b><u>REFERANSAR</u></b> .....   | <b>20</b> |

## 2 Innleiing

Sweco Noreg AS har på oppdrag for Torolv Vågslid utført ei konsekvensutgreiing av naturmangfald i samband med ny reguleringsplan for delar av Storrlineset i Vinje kommune. Denne rapporten omfattar ei skildring og verdivurdering av naturmangfaldet i undersøkingsområdet. Utgreiinga er basert på eksisterande kunnskap om naturmangfaldet i planområdet, saman med kunnskap innhenta ved kartlegging av naturtypar etter Miljødirektoratets instruks og artar i samsvar med Norsk raudliste for Naturtyper 2018 (Artsdatabanken) og Fremmedartslista i 2023 (rapport 024-2022). Konsekvensutgreiinga er utforma etter Handbok om konsekvensutredning av klima og miljø (M-1941) frå Miljødepartementet.

## 3 Om planarbeidet

### 3.1 Føremålet med planen

Føremålet med detaljreguleringsplanen er å legge til rette for ei utviding av det eksisterande hyttefeltet på Storrlineset med 70 tomter. Intensjonen er å halde fram med planlagt utbygging i omtrent same tettleik og med liknande høgder og utnyttingsgrad som i områda rundt. Eksisterande infrastruktur vil bli regulert som bygd, og den vil delvis bli brukt av nye tomteiningar. Ny infrastruktur er regulert som tilkomstvegar til nye tomteområde. Ny VA-infrastruktur syner ein med omsynssoner i plankartet. Gjeldande føringar i føresegnene til kommunedelplanen i Vågslid er lagt til grunn i reguleringsføresegnene.

### 3.2 Krav om konsekvensutgreiing

Planen er vurdert mot behovet for konsekvensutgreiing i Forskrift om konsekvensutgreiingar. Ved oppstart av planarbeidet blei tiltaket vurdert som «ikkje utgreiingspliktig», men naturtypar skulle kartleggast.

I samband med naturtypekartlegging som ledd i utgreiingane til planen, har ein funne ein naturtype med truga artar. Som følgje av dette vurderer ein at planen vil gje vesentlege verknader for miljø og samfunn, etter §§ 8a og 10, i eit slikt omfang at krav om konsekvensutgreiing blir utløyst. Det er ikkje krav om planprogram. Utgreiinga er utført iht. Miljødepartementet sin rettleiar *M-1941 Konsekvensutredning av klima og miljø*.

Følgjande tema blir greidd ut i denne konsekvensutgreiinga:

- Naturmangfald

## 4 Planområdet

### 4.1 Lokalisering og avgrensning

Planområdet ligg i Vågsli i Vinje kommune, om lag 15 km. vest for Haukeli langs E134. Tilkomstveg til området er om avkøyring frå E134. Tiltaket grensar i hovudsak mot E134 i nord, hyttefelt i aust, Arbuvatn i sør og ubygd areal i vest.

### 4.2 Dagens arealbruk i og rundt planområdet

Innanfor plangrensa finn ein eit allereie utbygd hyttefelt, som skal utvidast i denne planen. Nord i planområdet kryssar ein traktorveg, retning aust/vest. Elles består planområdet av ubygd areal.

Dei urørte delane av området består hovudsakleg av stadtypisk vegetasjon med blandingsskog, kratt, lyng og mindre myrområde. Området ligg på mellom 800 og 820 m.o.h., altså rett under tregrensa i denne delen av Telemark. Truleg er jorda noko skrin, og enkelte stader kan ein sjå fjell i dagen. Situasjonen er ganske lik i områda rundt, med unntak av den allereie utbygde delen av Storlineset. Delar av planområdet grensar til vatnet Arbuvatn.



Figur 4-1: Eksisterande forhold i og rundt planområdet. Kjelde: [www.kilden.nibio.no](http://www.kilden.nibio.no) (15.11.23)

### 4.3 Skildring av tiltaket

Delar av planområdet er regulert frå før under reguleringsplan for Storrlineset (planID: 20080002) vedteken 30.01.2008. Reguleringsplan for Storrlineset grensar til reguleringsplan for Arbuvi (planID: 20070008, vedteken 14.06.2007) i vest, som igjen grensar til reguleringsplan for Svarttjønnåsen, 99/1 (planID: 20040010, vedteken 09.09.2004) i nordvest. Aust for tiltaket, på andre sida av Arbuvatn, finn ein reguleringsplan for Arbuneset (planID: 20130012, vedteken 15.09.2016).

Tilkomstvegen frå E134 og inn i det nye planområdet går om reguleringsområdet for Svarttjønnåsen og vidare inn i reguleringsområdet for Arbuvi, før den kjem inn i området for Storrlineset og Storrlineset 2.

I området Arbuvi er det også regulert inn ei tursti langs Arbuvatn, som førebels tar slutt der reguleringsplanen for Storrlineset startar.

Reguleringsplanen for Storrlineset seier at området er regulert for følgjande føremål:

- Fritidsføremål (hytter)
- Turistanlegg med bueningar for utleige (utleigehytter, leilegheitsbygg)
- Fareområde (høgspenningsanlegg)
- Spesialområde (privat veg, friluftsområde, løypetrase, frisiktsoner, kommunal-teknisk renovasjon, småbåtanlegg, bevaringsområde, anna spesialområde – turveg).

Gjeldande kommunedelplan for Vågslid 2019-2031 (plan-ID: 20080014) vart vedteken 14.11.2019. Arealet som dekkjer planområdet er sett av til noverande fritidsbusetnad med områdenamn F11 samt LNF-område (kantsone rundt Storrlitjønni og ned mot Arbuvatn).



Figur 4-2: Avgrensing av planområdet, saman med gjeldande reguleringsplan/hyttfelt. Kilde: [www.kommunekart.com](http://www.kommunekart.com) (09.11.23).


### 4.3.1 Nullalternativet og andre alternativ

| Alternativ som skal bli greidd ut       | Skildring av alternativet   |
|---|---|
| <b>Alternativ 0</b><br>Dagens situasjon | <p>Nullalternativet er grunnlaget som alternativet skal samanliknast med. Nullalternativet har per definisjon konsekvensgrad 0 (ubetydeleg). Konsekvensen av alternativet viser dermed kor mykje det avvik frå nullalternativet.</p> <p>Nullalternativet blir definert som dagens miljøtilstand der tiltaket skildra i planen ikkje er bygd ut og det ikkje er andre relevante påverknadsfaktorar, planar eller tiltak ein trur vil verke inn på dagens miljøtilstand. Dette inneber at skog, myr og tilhøyrande artar får bestå, dersom vilkår for vekst ikkje endrar seg.</p> |
| <b>Alternativ 1</b>                     | <p>Alternativet legg til rette for ei utviding av det eksisterande hyttefeltet på Storrlineset med 70 tomter.</p> <p>Intensjonen er å halde fram med planlagt utbygging i omtrent same tettleik og med liknande høgder og utnyttingsgrad som i områda rundt.</p> <p>Utnyttingsgrad: 20-25%</p>  |

Figur 4-3: Alternativ for utgreiinga.

### 4.3.2 Influensområdet

Influensområdet for denne konsekvensutgreiinga inkluderer heile planområdet. I tillegg ser ein frå registreringar hos Miljødirektoratet at naturtypen «boreal hei» vest i planområdet er del av eit større område med boreal hei som strekkjer seg ut over planområdet, i himmelretning nord og vest. Ein vel difor å ta med heile denne naturtypen i utgreiinga. Dette med bakgrunn i at ein meiner at ein bør vurdere heile området med boreal hei under eitt, og ikkje dele det ved plangrensa. Figur 4-4 syner influensområdet i svart saman med plangrensa i blått. Raud-oransje område syner dei registrerte naturtypene i området.



Figur 4-4: Influensområde og plangrense. Kjelde: Naturbasekart frå Miljødirektoratet (09.09.24)

## 4.4 Kunnskapsgrunnlaget

Datagrunnlaget består av offentlig tilgjengeleg informasjon frå databasar og kartinnsyn, supplert med informasjon frå synfaring av området. Offentleg informasjon er henta frå dei nettbaserte databasane Naturbase, Artskart, Kilden og Norges geologiske undersøkelse, der registreringar relatert til naturmangfald er undersøkt og vurdert. Utgreiinga omfattar naturmangfald slik det er definert i naturmangfaldslova, med fokus på biologisk mangfald.

Feltsynfaring vart første gong gjennomført 7. juli 2022 av Espen Åsan frå Faun Naturforvaltning AS og Jon Bjarne Onsøien frå AT Skog SA. I 2023 vart området synfare på nytt av Espen Åsan 31. august. I kartlegginga er Naturbase (Miljødirektoratet 2023a) og Artskart (Artsdatabanken 2023a) nytta for å undersøkje kjende naturverdiar i kartleggingsområdet. Vidare har ein vore på synfaring for å registrera naturtypar etter Miljødirektoratets instruks (Miljødirektoratet 2023b), og dessutan raudlisteartar og framande artar etter Norsk raudliste for artar 2021 (Artsdatabanken 2021) og Fremmedartslista 2023 (Artsdatabanken 2023b).


I felt vart Apple Ipad med NiN-app nytta for registrering og kartfesting av data. Data lagt inn i NiN-app blir synkronisert med nettdatabasen NiN-web, der informasjon frå all NiN-kartlegging blir registrert og blir vidare tilgjengeleggjort i offentlege databasar.

Kunnskapsgrunnlaget for denne konsekvensutgreiinga ligg i vedlagte rapport «Naturtypekartlegging ved Storrlineset, Vinje kommune» av Faun 2023.

## 4.5 Delområde

Tabell 1: Oversikt over delområda i utgreiingsområdet

| Delområde        | Skildring   | Nummering |
|------------------|---|-----------|
| Storlineset aust | Inneheld 400 daa boreal hei og raudlistearane blanknål og grønfinke | 1         |
| Storriåsen       | Inneheld 20 daa boreal hei  | 2         |
| Storridalen      | Inneheld 58,5 daa boreal hei  | 3         |



Figur 4-5: Delområda i konsekvensutgreiinga

#### 4.5.1 Naturtypar

Følgjande prioriterte naturtypar er funne i planområdet (sjå rapporten frå Faun):

Tabell 2: Prioriterte naturtypar i planområdet.

| Natur-type        | Del-område | Lokalitets-kvalitet | Utvals-kriterium                  | Raudliste-kategori | Tilstand | Natur-mangfald | Verdi |
|-------------------|------------|---------------------|-----------------------------------|--------------------|----------|----------------|-------|
| <b>Boreal hei</b> | 1          | Moderat             | Truga, sentral økosystem-funksjon | VU                 | Moderat  | Moderat        | Stor  |
| <b>Boreal hei</b> | 2          | Låg                 | Truga, sentral økosystem-funksjon | VU                 | Dårleg   | Lite           | Stor  |
| <b>Boreal hei</b> | 3          | Moderat             | Truga, sentral økosystem-funksjon | VU                 | Moderat  | Moderat        | Stor  |

#### 4.5.2 Artar og artar sine økologiske funksjonsområde

Tabell 3: Oversikt over artar som er registrert i utgreiingsområdet. Raudlista 2021.

| Art (fauna)            | Kategori       | Skildring  | Reg. dato  | Del-område |
|------------------------|----------------|--|------------|------------|
| <b>Grønfink (fugl)</b> | Sårbar (VU)    | Grønfink ( <i>Chloris chloris</i> ) er vurdert til raudlistekategori sårbar VU, på bakgrunn av overvakingsdata og basert på kriteriet A2 (30-50 % nedgang dei siste tre generasjonar). | 22.01.2022 | 1          |
| <b>Granmeis (fugl)</b> | Sårbar (VU)    | Granmeis ( <i>Chloris chloris</i> ) er vurdert til raudlistekategori sårbar VU, på bakgrunn av overvakingsdata og basert på kriteriet A2 (30-50 % nedgang dei siste tre generasjonar). | 22.01.2022 | 1          |
| <b>Blanknål (lav)</b>  | Nær truga (NT) | Blanknål er vurdert som <i>nær truga</i> NT grunna reduksjon i populasjonsstørrelse dei siste, dei pågåande og dei framtidige 3 generasjonar (100 år)                                  | 30.11.2023 | 1          |

#### 4.5.3 Framande artar

Ingen registrerte framande artar.

#### 4.5.4 Uvisse

Ei konsekvensutgreiing skal i størst mogleg grad bli basert på fakta, men det vil alltid vere ein grad av uvisse om kunnskapsgrunnlaget og vurderinga av verdien av området, og dessutan innverknaden og konsekvensane av tiltaket. Det må takast omsyn til moglegheita for uoppdaga naturverdiar som verken er dokumenterte i offentlege register eller identifisert under den spesifikke prosjektsynfaringa. Dette kan delvis kome av tidspunktet for kartlegginga, då ulike artar og artsgrupper har varierende vekst- og synlighetsmønster gjennom sesongen. Feltarbeidet vart her gjennomført 7. juni 2022 og 31. august 2023. Begge synfaringane skjedde i løpet av ulike tider i vekstsesongen, og kartlegginga var spreidd over to år. Dette betyr at kunnskapsgrunnlaget er relativt nytt og godt, noko som aukar kvaliteten for utgreiinga.

### 4.6 Verdivurdering

Alle dei tre naturtypene er kartlagd etter Miljødirektoratet sin instruks.

#### 4.6.1 Naturtypar

Boreal hei, Storrlineset aust:

*«Naturtypen ved Storrlineset er del av en større naturtype som er kuttet av prosjektgrensen. Arter som blant annet blåbær, røsslyng, tyttebær, krekling, molte, dvergbjørk, einer, bjørk og furu ble registrert. Det ble registrert pågående gjengroing over et større område og ingen spor av beiting ble registrert. Det ble funnet ett eldre tre av furu innenfor naturtypen, men det er gjennomgående yngre trær som finnes her.*

*Naturtypen er derfor vurdert til tidlig gjenvekstfase (som gir moderat tilstand), men er svært nær ved å inngå i sein gjenvekstfase som følge av at bjørk og furu har etablert seg. Dette vil på sikt føre til at boreal hei går over i skogsmark om ikke skjøtsel foretas. I praksis vil kraftig gjengroing si at naturtypen reduseres til «svært lav kvalitet» som følge av svært dårlig tilstand. Størrelsen på naturtypen (drøyt 55 daa) viser til moderat verdi for naturmangfold, men registreringer av rødlistearter gir grunnlag for oppgradering til stort naturmangfold for denne naturtypen» (Faunaturforvaltning AS, 2023).*

I konsekvensutgreiinga har ein vald å inkludere resterande areal av dette området (som ligg utanfor plangrensa). Dette fører til at totalarealet kjem opp i om lag 400 daa, noko som gjer at verdien for naturmangfald blir sett til **stor**.

Boreal hei, Storrlåsen:

*«Naturtypen ved Storrlåsen er del av en større naturtype som er delt opp av veg og redusert i størrelse som følge av tidligere utbygging. Naturtypen kan sees i sammenheng med naturtype vestover, men samtidig er det tydelig påvirkning og*

*mindre intakt natur innenfor denne avgrensningen. Det er også her registrert pågående gjengroing over et større område og ingen spor av beiting ble registrert. Naturtypen er vurdert til tidlig gjenvekstfase, men er nær ved å gå over i sein gjenvekstfase. I hovedsak bjørk og noe furu har etablert et dominerende tresjikt. Dette vil på sikt føre til at boreal hei går over i skogsmark om ikke skjøtsel foretas. Om gjengroingen pågår over tid vil naturtypen på sikt reduseres ytterligere i kvalitet» (Faun naturforvaltning AS, 2023).*

Dette arealet kjem inn under følgjande skildring i verditabellen for naturmangfald: «Sårbare naturtypar (VU), med låg, moderat eller høg lokalitetskvalitet. Arealet får difor verdien **stor**.

Boreal hei, Storrlidalen:

*«Tilstanden til lokaliteten er vurdert som moderat på basis av at heia er i en tidlig suksesjonsfase der en del busk og trær har etablert seg. Det er ingen spor etter beiting. I lokaliteten ligger det tre hytter, men det er ikke spor etter ferdsl med tunge kjøretøy. Det er ikke registrert fremmede arter i området. Skår for naturmangfold er vurdert til moderat på basis av at lokaliteten er middels stor i areal (58 dekar). Det er ikke funnet rødlistede arter i området og ingen er kjent fra tidligere. Lokaliteten består av én kartleggingsenhet» (Rambøll Norge AS, 2022).*

Dette arealet kjem også inn under følgjande skildring i verditabellen for naturmangfald: «Sårbare naturtypar (VU), med låg, moderat eller høg lokalitetskvalitet. Arealet får difor verdien **stor**.

#### 4.6.2 Raudlista artar

*Knappenåslaven blanknål: «Under feltbefaringen ble knappenåslaven blanknål (Calicium denigratum) registrert. Dette er en art som er oppført på rødlista som nær truet (NT). Den ble funnet sørøst i planområdet. Blanknål trives på furugadd (stående død ved av furu) i eldre barskog. Arten er truet på grunn av reduksjon i bestandsstørrelse, som igjen skyldes habitatreduksjon som følge av bestandsskogbruk og uttak av trevirke.» (Faun naturforvaltning AS, 2023).*

Arten har følgjande skildring i verditabellen for naturmangfald: «Nær truga (NT) artar og funksjonsområda deira». Arten får dermed verdivurdering **middels**.

*Grønfink: Arten blei registrert i delområde 1 22.01.2022 og har status sårbar (VU).*

Arten har følgjande skildring i verditabellen for naturmangfald: «Sårbare artar (VU) og funksjonsområda deira». Arten får dermed verdivurdering **stor**.

*Granmeis: Arten blei registrert i delområde 1 22.01.2022 og status sårbar (VU).*

Arten har følgjande skildring i verditabellen for naturmangfald: «Sårbare artar (VU) og funksjonsområda deira». Arten får dermed verdivurdering **stor**.


### 4.6.3 Oppsummering verdivurdering

| Del-område | Verdikriterium  | Type/skildring  | Verdi         |
|------------|---|---|---------------|
| 1          | Naturtype kartlagt etter Miljødirektoratet sin instruks | Boreal hei (400 daa)<br>Sårbar naturtype (VU) med moderat lokalitetskvalitet.   | Stor verdi    |
|            |   | Knappenåslav (blanknål) - nær truga (NT)  | Middels verdi |
|            |   | Grønfink - sårbar (VU)<br>Granmeis - sårbar (VU)                                | Stor verdi    |
| 2          | Naturtype kartlagt etter Miljødirektoratet sin instruks | Boreal hei (20 daa).<br>Sårbar naturtype (VU) med moderat lokalitetskvalitet.   | Stor verdi    |
| 3          | Naturtype kartlagt etter Miljødirektoratet sin instruks | Boreal hei (58,5 daa).<br>Sårbar naturtype (VU) med moderat lokalitetskvalitet. | Stor verdi    |

Tabell 4-4: Vurdering av verdi for området.

### 4.6.4 Verdikart

Figur 4-6 viser verdisetjing av boreal hei i og rundt planområdet, med lokalisering av raudlista artar.



Figur 4-6: Verdikart for konsekvensutgreiinga. Kjelde: Naturbasekart frå Miljødirektoratet (09.10.2024)

## 4.7 Innverknad

### 4.7.1 Nullalternativ

Nullalternativet er forventa situasjon i influensområdet dersom planen eller tiltaket ikkje blir gjennomført.

Ein kan forvente at området utviklar seg på følgjande måte:

- Død ved: Planområdet inneheld per i dag ein del ungskog. Denne vil over tid bli eldre, og ein kan forvente at talet på livsløpstre og volumet av daudskog aukar.
- Boreal hei: Naturtypen boreal hei er på veg til å gro att og vil på sikt gå over til skogsmark, utan naturtypekvalitet etter Miljødirektoratets instruks. Naturtypen rundt Storliåsen er av låg kvalitet og er forringa som følge av bruk av tyngre køyretøy, endring i naturlege masser og attgroing.
- Kunnskapsstatus: Det er utført fleire NiN-kartlegginger i området, og ein ser difor på kunnskapsgrunnlaget som godt. Dette gjer at ein trur at det i framtida ikkje vil bli gjort så mange fleire observasjonar av raudlisteartar.
- Klimaendringar: Vinje kommune sin Plan for klima og berekraft (2021) forventar eit klima med auka grad av ekstremvêr, meir og hyppigare nedbør, lengre tørkeperiodar og auka risiko for sørpe- og jordskred. Med bakgrunn i dette, tenkjer ein i denne utgreiinga at eit varmare og våtare klima vil gje betre vekst i skogen, men også meir storm, vindfall og skogbrann. Ein reknar med periodar med lite vassføring og låg grunnvasstand. Ein tenkjer også at det vil kome periodar med uttørking av vegetasjon.

## 4.7.2 Innverknad frå tiltaket

### Delområde 1: Storlineset aust

Anleggsfasen: Forstyrringar frå anleggsfasen for nye fritidsbustadområde kan ha ein vesentleg innverknad på naturtypen ved beslaglegging av terreng. Forstyrringar frå anleggsfase kan påverka artar, men det er ikkje kjent at nokon av artane er spesielt sensitive for forstyrringar.

Driftsfasen: Arrondering vil leggje beslag på terreng, påverka topografien og dermed gi redusert mangfald av leveområde. Nedbygging vil redusere naturtypen sin samanheng, og dessutan redusere leveområda for artane i området. Tiltaket kan ha innverknad på spreingsøkologi og tilpassing i forhold til klimaendringar. Området vil oppleve forstyrringar frå menneskeleg aktivitet på vegar og hyttetomter, og dessutan lysforureining. Delar av det tilrettelagte tomteareal vil oppleve reinvadering av lokale artar.

Tabell 5 syner permanente arealbeslag i delområde 1. 81,1 daa av totalt 400 daa gir eit arealbeslag på 20,3%. Tala i tabellen er henta frå plankart.

Tabell 5: Arealbeslag delområde 1

| Arealføremål  | Areal (daa) |
|---|-------------|
| <b>§12-5. Nr. 1 - Bygg og anlegg</b>                            |             |
| 1121 - Fritidsbusetnad – frittliggjande                         | 55          |
| 1510 - Energianlegg   | 0,1         |
| 1542 - Avløpsanlegg   | 0,2         |
| 1690 - Anna uteopphaldsareal                                    | 0,7         |
| <b>§12-5. Nr. 2 - Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur</b> |             |
| 2011 - Køyreveg   | 5,6         |
| 2019 - Anna veggrunn - grøntareal                               | 15,5        |
| <b>§12-5. Nr. 3 - Grønstruktur</b>                              |             |
| 3031 - Turveg   | 4,5         |
|   |             |
| <b>Totalt</b>   | <b>81,1</b> |

Etter innverknadstabellen for naturmangfald vil området oppleve direkte arealinngrep i 20-50% av ein mindre viktig del av lokaliteten. I tillegg vil ein oppleve noko forringing av restareal. Innverknaden blir difor vurdert som **forringa**.

### **Delområde 2: Storliåsen**

Anleggsfase: Hovudsakleg som for delområde 1. Det er ikkje registrert raudlisteart innanfor delområde 2.

Driftsfase: Hovudsakleg som for del område 1. Det er ikkje registrert raudlisteart innanfor delområde 2.

Tabell 6 syner permanente arealbeslag i delområde 1. 10,5 daa av totalt 20 daa gir eit arealbeslag på 53%. Tala i tabellen er henta frå plankart.

Tabell 6: Arealbeslag delområde 2

| <b>Arealføremål</b>   | <b>Areal (daa)</b> |
|---|--------------------|
| <b>§12-5. Nr. 1 - Bygg og anlegg</b>                            |                    |
| 1121 - Fritidsbusetnad – frittliggjande                         | 8,0                |
| <b>§12-5. Nr. 2 - Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur</b> |                    |
| 2011 - Køyreveg   | 1,0                |
| 2019 - Anna veggrunn - grøntareal                               | 1,1                |
| <b>§12-5. Nr. 3 - Grønstruktur</b>                              |                    |
| 3031 - Turveg   | 0,4                |
|   |                    |
| <b>Totalt</b>   | 10,5               |

Etter innverknadstabellen for naturmangfald vil området oppleve direkte arealinngrep i meir enn 50% av lokaliteten. Innverknaden blir difor vurdert som **sterkt forringa**.




### **Delområde 3: Storlidalen**

Anleggsfase: Forstyrningar frå anleggsfase kan påverka artar, men det er ikkje kjent at nokon av artane er spesielt sensitive for forstyrningar.

Driftsfasen: Området blir regulert til friluftsføremål (LF) og planen vil ikkje fysiske verke inn på området. Ein kan rekne med at eit større tal på hytter i området vil føre til ei auke i forstyrningar frå menneskeleg aktivitet i form av at området vil bli nytta som turområde.

Etter innverknadstabellen for naturmangfald vil området oppleve ingen eller uvesentleg verknad. Innverknaden blir difor vurdert som **ubetydeleg**.

### Oppsummering innverknad

| Delområde                 | Skildring  | Innverknad   |
|---------------------------|--|--|
| 1:<br>Storlineset<br>aust | Direkte arealinngrep i 20-50% av ein mindre viktig del av lokaliteten. Noko forringing av restareal. |  |
| 2:<br>Storliåsen          | Direkte arealinngrep i meir enn 50% av lokaliteten.  |  |
| 3:<br>Storrlidalen        | Ingen eller uvesentleg verknad.  |  |

Tabell 4-7: Vurdering av innverknad for området.

#### 4.7.3 Avbøtande tiltak

I føresegnene til planen er det lagt inn fleire krav knytt til bevaring av naturmiljøet (kap. 2.4 i føresegnene), mellom anna krav om å bevare eksisterande store furutre (merkt med punktsymbol *eksisterande tre som skal bevarast* i plankartet). Ein skal også leggje att ikkje-merka større furutre, for å sikre framtidige habitat av denne typen. I tillegg skal ein revegetere anleggsområda med stadeigen vegetasjon, etter at anleggsperioden er over. Dette gjer at området raskare kan kome tilbake til opphavleg situasjon.

Føresegnene til planen gir heller ikkje løyve til utbygging på våtmark og myr, noko som gjer at denne naturtypen blir verna mot inngrep. Skal turveggar krysse våtmark og myr, skal ein opparbeide dei med kloppar av treverk.

Det er også sett av eigne areal med natur- og friluftsføremål både på land og i vassdrag, der føresegnene gir ulike føringar for kva som er tillate av inngrep (kap. 4.3 i føresegnene). Dette vil hindre at det blir utført inngrep som ringar naturmiljøet.

Det er også mogleg å auke kvaliteten på naturtypene med rydding av buskar og tre (unngå å rydda store levande og daude tre, jf. Første avsnitt i kap. 4.7.3), og dessutan få på plass eit beitereregime som held naturtypen open. Dette er mest aktuelt for Storlineset aust. Boreal hei er ein semi-naturleg naturtype, altså er den avhengig av fjerning av tre og beiting for å haldast i hevd. I praksis vil denne naturtypen gro att (noko han er godt i gang med) om ikkje skjøtsel blir gjennomført. Naturtypen forsvinn sakte, men sikkert. Dette gjeld også generelt for boreal hei i Noreg, noko som er grunnen til at han er på raudlista for naturtypar i kategori sårbar (Åsan et al., 2023, s.10). Skal ein etablere eit beitereregime, vil det mest truleg bli behov for å setje opp gjerde og gjerdeklyv.

m.m. Føresegnene til planen heimlar ikkje løyve til dette, og ein må difor søkje om dispensasjon, dersom dette blir aktuelt.

## 4.8 Konsekvens

Sjå naturmangfaldsrapport for detaljar omkring delområde, innverknad og konsekvens. Sjå følgjande tabell for oppsummering av konsekvens:

|                          |             |            | Alt. 0        | Alt. 1          |
|--------------------------|-------------|------------|---------------|-----------------|
| Innverknad for delområde | Delområde 1 | Boreal hei | Noko forringa | Forringa        |
|                          |             | Blanknål   | -             | -               |
|                          |             | Grønfink   | -             | -               |
|                          |             | Granmeis   | -             | -               |
|                          | Delområde 2 | Boreal hei | Noko forringa | Sterkt forringa |
|                          | Delområde 3 | Boreal hei | Noko forringa | Noko forringa   |

Tabell 4-8: Samanstilling av verdi, innverknad og konsekvens.

| Delområde                             | Alt. 0   | Alt. 1   |
|---------------------------------------|--|--|
| 1                                     | Middels (--)   | Alvorleg (---)   |
| 2                                     | Middels (--)   | Svært alvorleg (----)  |
| 3                                     | Middels (--)   | Middels (--)   |
| Samla vurdering                       | Middels negativ konsekvens   | Stor negativ konsekvens  |
| Grunngjeving for samla konsekvensgrad | Alle delområda har konsekvensgrad middels (--).  | Eit delområde har konsekvensgrad svært alvorleg (----). Bidrar til auka samla belastning.  |
| Rangering                             | 1  | 2  |
| Grunngjeving                          | Ein held på dagens situasjon, men vil mest truleg oppleve naturleg negativ utvikling om det ikkje blir gjort tiltak. Naturtypene boreal hei gror att og blir til skogsmark. Naturtype forsvinn. Raudlisteart klarer seg. | Store område med verdiar blir råka. Naturtypene boreal hei blir fjerna som følge av utbygging. Risiko for tap av natur og leveområde, spes. raudlisteartar |

#### **4.8.1 Vurdering av naturmangfoldlova**

##### **§ 8 Kunnskapsgrunnlaget (inkludert usikkerheit)**

Kunnskapsgrunnlaget er basert på ein kombinasjon av nye synfaringar i området og eksisterande data frå Miljødirektoratet. Ein ser difor på kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg. Det er knytt ein liten usikkerheit til artar som ikkje er registrerte endå.

##### **§ 9 Føre-var-prinsippet**

Ut frå kunnskapsgrunnlaget som denne konsekvensutgreiinga er basert på, er ein relativt sikker på at utgreiinga gjev eit tilstrekkeleg bilete av kva konsekvensar reguleringsplanen vil få for naturmangfaldet i området. Avbøtande tiltak (beitedyr, unngå hogging av tre) vil redusere konsekvensane noko. Andre tiltak eller vilkår som vil gje naturverdiane ein «buffer» vil vere å redusere utbyggingsomfanget. For den boreale heia, som alt er under press, vil reduksjon i utbyggingsomfang føre til at naturtypen blir omgjort over tid, i staden for å bli fjerna i samband med utbygging. Ein reduksjon i området vil derfor ha relativt låg effekt for naturtypen, med mindre det også blir sett i verk andre skjøtselstiltak. For at det skal kunne vere mogleg å berge det som blir att av boreal hei, bør reguleringsplanen vurdere tiltak for at beitedyr skal kunne beite tett på utbyggingsområdet.

##### **§ 10 Samla belastning**

Den omfattande hytteutbygginga ein har sett i landet dei siste åra, har ført til eit auka fokus på korleis Noreg regulerer vidare utbygging. For den aktuelle planen blir det lagt opp til hytteutbygging innanfor boreal hei, noko som verkar negativt inn på naturtypen. Plasserer ein den aktuelle reguleringsplanen i eit større perspektiv, kan ein tenkje seg at små endringar ulike stader i landet vil føre til eit stort naturtap totalt. På den andre sida ser ein at det har vore byggeaktivitet i området tidlegare, noko som har ført til at naturmangfaldet her til ein viss grad allereie er forringa, i tillegg til den naturlege tilbakegangen naturtypen opplever når den ikkje blir heldt ved like.

##### **§ 11 Tiltakshavar skal ta kostnadane ved miljøforringing**

Tiltakshavar skal dekkje kostnadane ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet som tiltaket fører til, dersom dette ikkje er urimeleg frå tiltaket og staden sin karakter. Kapittel 2.3 b), 2.4 b), c) d) og f) og kapittel 4.1.6 i føresegnene sikrar at dette evt. blir utført. I tillegg har tiltakshavar tatt kostnadane for NiN-kartlegginga utført av Faun naturforvaltning.

##### **§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar**

I føresegnene ligg det inne krav om korleis terrengingrep skal utførast, og korleis ein skal utforme nytt landskap. Ein skal i størst mogleg grad ta vare på eksisterande vegetasjon, og store furutre er til dømes merka i plankartet som «eksisterande tre som

skal bevares». Det er også lagt inn egne føresegner som gjeld myr- og våtmarksområde. Det er lagt inn omsynssoner på 20 meter i samband med vassdrag, og ein skal ikkje bidra til spreiring av framande artar i anleggsperioden. For raudlistearten blanknål er det lagt inn ei eige omsynssone (H560\_2).

## 4.9 Data i databaser

Synfaringsrapportane til Faun er lagt inn i Miljødirektoratet sin database Naturbasekart.

## 5 Referansar

Bøker/artiklar:

- Kommunal- og distriktsdepartementet (2021): *Konsekvensutredninger for planer etter Plan- og bygningsloven*.  
<https://www.regjeringen.no/contentassets/7690c4787f0841d1a24fd44e9c3be4cb/no/pdfs/h-2487-b-konsekvensutredning.pdf>

Nettsider:

- Artsdatabanken. (u.å.). *Artskart*.  
Tilgjengeleg frå: [www.artskart.artsdatabanken.no](http://www.artskart.artsdatabanken.no)
- Miljødirektoratet (2023, 1.september). *Veileder M-1941 Konsekvensutredning av klima og miljø*.
- Miljødirektoratet (2022, 10.januar). *Bevaring av verdifull natur*. Tilgjengeleg frå <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/vernet-natur/bevaring-av-verdifull-natur/>
- Miljødirektoratet (u.å.). *Naturbasekart*. Tilgjengeleg frå [Naturbase kart \(miljodirektoratet.no\)](http://naturbasekart.miljodirektoratet.no)
- Norges geologiske undersøkelse – NGU. (u.å.). *Løsmasser – nasjonal løsmassedatabase*. Tilgjengeleg frå [https://geo.ngu.no/kart/losmasse\\_mobil/](https://geo.ngu.no/kart/losmasse_mobil/)
- Norges geologiske undersøkelse – NGU. (u.å.). *Berggrunn – nasjonal berggrunnsdatabase*. Tilgjengeleg frå [https://geo.ngu.no/kart/losmasse\\_mobil/](https://geo.ngu.no/kart/losmasse_mobil/)
- Norsk institutt for bioøkonomi – NIBIO. (u.å.). *Kilden – hovedkartløsning fra NIBIO*.  
Tilgjengelig frå:  
<https://kilden.nibio.no/?zoom=0&x=7219344&y=284337.75&topic=arealinformasjon&bgLayer=graatone>

Rapportar:

- Åsan, E., Onsøien, J.B., Engh, A. & Roer, O. (2023) Naturtypekartlegging ved Storrlineset, Vinje kommune. *Faun rapport 024*. Faun Naturforvaltning AS